



**NORSK VASSKRAFT- OG
INDUSTRISTADMUSEUM,
ODDA I HARDANGER**



**Årsmelding
med årsrekneskap
2006**

NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

ÅRSMELDING 2006

2006 – Kort og godt:

Året 2006 ber preg av at restaureringsarbeidet er ferdig og at ein no skal drifte og vedlikehalde det store kraftanlegget på ein god og verdig måte. Samstundes skal museet oppretthalde drift på dei andre arenaene.

Arbeidet med UNESCO si verdsarvliste er ein nyttig prosess som har heva kunnskapsnivået om Tyssedal kraftanlegg og Odda smelteverk, og har etablert spanande nye kontaktflater og innfallsvinklar i museet sitt arbeid. Uansett utfallet av UNESCO saka har prosessen løfta det faglege nivået i museet. Vi har fått utarbeidd viktig forskingsmateriale knytt til verksemda Odda Smelteverk i eit internasjonalt og nasjonalt perspektiv. Rapporten ”Vurdering av verneverdiar på Odda Smelteverk” er blitt ein viktig reiskap i fylkeskonservatorens sitt arbeid. Samstundes representerer rapporten eit godt døme på effektiv og grundig dokumentasjon av bygningsmassen på eit industriområde. Tilsette ved museet har fått høve til å reise til Italia og Tyskland for å lære og erfare ulike måtar å ta vare på industrihistoria.

Det har i 2006 vore viktig å sikre driftsmidlar til det nyrestaurerte kraftanlegget. Riksantikvaren gav oss i mars full utteljing på søknaden for 2007 og gav oss midlar til å forvalte, drifte og vedlikehalde dette viktige nasjonale kulturminnet. Vi ser på dette som ei godkjenning av museet sitt faglege arbeid sett frå Riksantikvaren si side. Vidare vart det frå styret og administrasjonen arbeidd for å skaffe midlar til husleige og periodisk vedlikehald knytt til kraftanlegget. Dette lukkast vi med og dette er frå 2007 innarbeidd i Olje- og energidepartementet sitt budsjett. Vi er svært glade for at departementet med dette viser sektoransvar for vasskrafta si historie.

Ein fekk verkeleg sjå breidda av kraftstasjonen som kulturbygg då AS Tyssefaldene feira 100 års jubileum i 2006. Dei inviterte gjestene vart presenterte eit spektakulært show med lyd og lys.. I løpet av året har også andre organisasjonar og verksemder brukt stasjonen som ramme for viktige markeringar, som middag for EBL si generalforsamlings og Odda energi sitt 90 års jubileum.

NVIM har i mange år arbeidd for å skaffe midlar til eit vitensenter for barn og unge med hovudfokus på vasskraft og prosessindustri. Det vart i 2006 løyvd 2 millionar til dette tiltaket frå Hordaland Fylkeskommune via Hardangerrådet. Prosjektet vart i gangsett i november 2006 og planen er at det skal ha ei enkel prøveopning i 2007 og ein hovudopning i mai 2008. Dette ser vi fram til

Museet har mange gode medarbeidarar som strekkjer seg langt for å oppfylle den svært omfattande føremålsparagrafen vår. Styret og administrasjonen ønskjer med dette å takke alle medarbeidarane for deira pågangsmot og glød for å løfte museet fram som ein nasjonal institusjon. Vi blir lagt merke til og respektert på mange plan.

Styret ved NVIM og administrasjonen ønskjer å takke alle samarbeidspartar og vener av museet for eit godt og fruktbart samarbeid i 2006.

Tyssedal 29. mars 2007

*Aslaug Halland
Styreleiar*

*Oddvar Johan. Jensen
Nestleiar*

*Magne Leikvoll
Styremedlem*

*Halvor Johan Bådsvik
Styremedlem*

*Solfrid Horne-Moe
Styremedlem*

*Terje Kollbotn
Styremedlem*

*Harald Grande
Styremedlem*

*Mette Haraldsen Frøystein
Konst. direktør*

Organisasjonsform:

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum er ei sjølvstendig stifting med egne vedtekter og eige styre. Museet sitt hovudkontor ligg i Naustbakken 7, Tyssedal. Museet leiger store deler av Tyssø I kraftanlegg og Naustbakken 3 og 5 i Tyssedal. I Odda sentrum eig museet Folgefonngata 9 og disponerer Folgefonngata 11 og 13 som er eigd av Odda kommune.

Føremålsparagraf:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har og som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tyssø I).

Stiftarar

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) er ei privat stifting. Vedtektene opnar for innlemming av nye stiftarar.

Opphavlege stiftarar frå 1989: Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tinfos Titan og Iron K/S), A/S Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Odda og Omland).

Nye stiftarar etter år 2000: BKK, Bjølvefossen ASA, DNN Industrier, E-CO vannkraft as, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & it forbundet), Energibedriftenes Landsforening (EBL), E-verkenes fagforening, Vestlandet, Haugaland Kraft, Hardanger og Voss regionråd, Herdlandsfoss Kraftverk, Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag, Kvinnherad Energi, Lederne, LO Noreg, NIVA, NHO-Hordaland, Norsk Arbeidsmannsforbund, Norges vassdrag og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Fagforbundet for industri og energi, Norges Ingeniørorganisasjon

(NITO), Norske Sivilingeniørars Foreining (no: Tekna), Odda Energi, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), SINTEF, Statkraft, Sunnhordland Kraftlag, Ullensvang herad.

Styret i 2006

	Styre-medlemmer:	Varamedlemmer:
Odda kommune	Aslaug Halland, Styreleiar	Ole Jørgen Jondahl
Hordaland Fylkeskommune	Oddvar J. Jensen, nestleiar	Vidar Våde
Statkraft SF	Magne Leikvoll	Bjørnar Olsen
Museumslaget	Halvor Johan Bådsvik	Geir I. Engesæther
Norsk Industri (tidl. PIL)	Svein Thompson	Harald Grande
LO i Odda og omland	Solfrid Horne-Moe	Nils Johan Ystanes
Dei tilsette	Terje Kollbotn	Elisabeth Bjørsvik

Observatør

Noregs vassdrags- og energidirektorat	Per Einar Faugli	Gunnstein Brakestad
---------------------------------------	------------------	---------------------

Styret hadde 5 styremøte i 2006 og handsama 62 saker. Kvinnerepresentasjonen i styret er 28,5%, med varamedlemmer, 21,4%. Viktigaste saker: Driftsmidlar til Tyssø I spesielt til periodisk vedlikehald, UNESCO.

Personale

NVIM hadde ved utgangen av 2006 14 faste stillingar:

Administrasjon	4 stillingar
Arbeidspraksis i skjerma verksemd (APS)	1 stilling
Avdeling for innsamling, dokumentasjon og forskning (IDF)	3 stillingar
Avdeling for formidling	2 stillingar
Avdeling for bygg- og anlegg	4 stillingar

Det vart oppretta to fast handverkarstillingar på bygg og anleggsavdelinga frå april 2006. Formidlingsleiar gjekk ut i 75% prosjektstilling i "Odda Vitensenter" frå november 2006. Museumspedagog tok på seg formidlingsleiaransvaret og det vart tilsett vikar med ansvar for besøksdelen i dei to stillingane. Direktør hadde permisjon i 80% heile 2006. Nestleiar gjekk inn som konstituert direktør. I alt vart det utført 12 årsverk i faste stillingar ved NVIM i 2006.

Engasjement, korttidstilsette og sysselsette

Talet på engasjement, korttidstilsette og sysselsette er framleis svært høgt. Også i år utgjorde desse 6,35 årsverk og vart dekkja av i alt 22 personar. Dette er bl.a. forskar i 50% engasjement første halvår, prosjektleiar ABM i utvikling og sesongarbeidarar.



November 2006 var dei tilsette ved NVIM på studietur til Ålvik.

APS –senteret

Dette var det andre året for senteret. Det er etablert med fem tiltaksplassar. Dagleg leiar ved senteret er fast tilsett ved NVIM. Tiltakssenteret tilbyr varierte og tilpassa den enkelte. Arbeidet ved senteret er ei blanding av støttefunksjonar for museet og oppdrag for eksterne og interne bidragsytarar.

Helse, miljø og tryggleik

Fråversstatistikk: NVIM hadde eit ordinært sjukefråver på 5,82 %. Dette er ei auke på heile

2,5% frå året før. Langtids fråværet var på 4,15% og skuldast i hovudsak langtidsjukemeldingar som ikkje er arbeidsrelaterte. Korttids fråværet er på 1,7%.

Det har ikkje vore arbeidsulykker i 2006. NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste.

Likestilling

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, lønsmessig og sosialt. Fordelinga av menn og kvinner blant dei fast tilsette er ca. 50%. Leiargruppa består av tre kvinner og avdelingsleiarane er ei kvinne og tre menn.

Ytre miljø

Verksemda forureina ikkje det ytre miljø i 2006.

Økonomi

Det føreligg føresetnad om framleis drift, og årsrekneskapen for 2006 er sett opp under denne føresetnad.

NVIM mottok faste driftstilskot frå: Kultur og Kyrkjedepartementet, Hordaland fylkeskommune, Odda kommune, Riksantikvaren, Noregs vassdrags- og energidirektorat og Statkraft SF.

Besøk 2006

I 2006 hadde vi nær 10 000 besøkjande. Samanlikna med tidligare år ser vi stor auke i månadene utanom sesong, då særleg månadene april og september. Dette skuldast at fleire grupper som kjem utanom sesong og at vi har populære undervisningstiltak retta mot skule elevar. Når vi ser på totalen er vi, tiltross for den store nedgangen i hovudsesongen, likevel nøgde. Dei fleste andre innomhus turistmåla i regionen opplevde også nedgang, sannsynligvis på grunn av ein strålende sommar med mykje sol og varme.

Totaloversikt besøk frå 2004 – 2006

Månad / år	Tyssedal			Folgefongata			Total		
	2004	2005	2006	2004	2005	2006	2004	2005	2006
Januar	264	195	309	28	14	0	292	209	309
Februar	124	165	220	19	0	9	143	165	229
Mars	227	278	301	26	18	27	253	296	328
April	303	264	595	38	120	58	341	384	653
Mai	1 696	2 409	957	375	0	28	2 071	2 409	985
Juni	1 210	1 625	1 292	292	23	142	1 502	1 648	1434
Juli	2 992	2 165	1 123	46	7	21	3 038	2 172	1144
August	1 978	2 287	1 433	16	0	55	1 994	2 287	1488
September	629	1 061	1 362	0	0	298	629	1 061	1660
Oktober	248	489	479	0	3	250	248	492	729
November	359	294	306	16	150	186	375	444	492
Desember	628	395	397	90	58	0	718	453	397
Sum	10 658	11 627	8774	946	393	1074	11 604	12 020	9848

Fagleg verksemd i 2006

Bygningar og Anlegg

Tyssedal kraftanlegg

Målet i 2006 var å fullføra restaureringa av Tyssedal kraftanlegg, blant anna vart store deler av arbeidet på inntaksbygget ved Vetlevatn i Skjeggedal gjennomført. På Lilletopp vart utvendig restaurering av Ventilhuset prioritert. Grunna store nedbørmengder utover hausten, vart den endelege slutføringa av restaureringsarbeidet utsett til etter påske 2007. Heile anlegget vil vere ferdig restaurert til opninga 26.mai 2007.

I mars 2006 tildelte Riksantikvaren 1.747 mill. til forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) av Tyssedal kraftanlegg. Museet sin søknad vart innfridd, med unntak av husleige til A/S Tyssefaldene. Dette gav NVIM grunnlag for å få gjennomført ein årleg FDV-plan som sikrar høg standard på vedlikehaldet på det freda anlegget.

Administrasjon og styre ved NVIM arbeide ovanfor Olje- og Energidepartementet (OED) for å få gjennomslag for eit periodisk vedlikehaldsfond for kraftanlegget. Ein søkte og om å få dekkja husleige. OED la i statsbudsjettet for 2007 inn både midlar til periodisk vedlikehald og delvis til husleige.



Frå AS Tyssefaldene si jubileumsfeiring i Tyssø I kraftstasjon

Folgefongata.

Det vart gjort ein del utbetringar på gammalt VVS-anlegg i Folgefongata 13 og i uthuset. Samstundes vart uteområdet mellom Folgefongata 11 og 13 utbetra, eit samarbeid med Odda kommune etter utbygginga av storkjøkkenet på Bokkotunet. Noko maling og skifting av defekte takrenner og nedlaup er og gjennomført.

Elles er større vedlikehaldsarbeid i Folgefongata utsett til 2007 i påvente av ein ny bruksplan. Museumshagen i Folgefongata 9 er halden i god stand i samarbeid med APS og museumslaget.

Statkraftstova.

Avtalen mellom NVIM og Statkraft vart fornya i 2006. Det inneber eit ½ årsverk på bygg- og anleggsavdelinga. I 2006 er det gjort nokre utbetringar på ventilasjonsanlegget og betre tilrettelegging på loftet. Vidare har museet også overteke hovudansvaret for uleige og bruk av Statkraftstova. Dette har ført til betre rutinar og auka bruk. Konferansesenteret er eit viktig supplement til produktet museet tilbyr.

FDV andre bygg.

I 2006 starta arbeidet med å pusse opp og male på nytt deler av Naustbakken 7 innvendig. Dette periodiske vedlikehaldet avdekkja at restaureringa for vel 10 år sidan ikkje vart utført fagmessig alle stader. Resten av arbeidet vil gjennomført etter at fjernvarmeanlegget er installert våren 2007.

Tyssoverkstaden

Som ei vidareføring av prosjektet "Kultur og næring", har NVIM i 2006 tatt på seg fleire inntektsbringande oppdrag med utgangspunkt i bygg- og anleggsavdelinga, den gamle verkstaden og smia ved Tyssø 1. Målet er at dette kan gje grunnlag for eit nasjonalt kompetansmiljø i Odda for restaurering av industribygg.

UNESCO

I rapporten "Verneverdiar på Odda Smelteverk" har museet på oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune kartlagt bygningane på Smelteverkstomta. Vi har gjort eit stort arbeid med å plassere produksjonen si betyding i ei internasjonal ramme.

Brita Jordal og Elisabeth Bjørsvik deltok på konferanse i Avesta, Sverige, i mars om industrikulturminne. Her fekk vi innblikk i prosessar kring bevaring av slike miljø frå heile Sverige.

Representantar frå NVIM deltok i september på TICCIH-kongressen 2006 i Terni, Roma. Tema for kongressen var "Industrial heritage and urban transformation. Productive territories and industrial landscape". NVIM'arane var etterpå med på tur gjennom nord-Italia der vi besøkte dei viktigaste industrielle kulturminna og kunstbyane i Italia: Firenze, Prato, Bologna, Venezia, Schio, Valdagnò, Tavernole sul Mella, Dalmine.

3.-6. desember var representantar frå museet på studietur til Ruhr-området for å få informasjon om Zollverein som kom på UNESCO-lista i 2002.

Det har vore møte med regionale og nasjonale styresmakter.

M/Y Tyssø

Vi mottok i 2006 1,2 millionar til M/Y Tyssø frå Riksantikvaren. Restaureringsarbeidet på gjekk fram til oktober. Då var alle midlane brukt opp og vi engasjerte Torbjørn Kaarbø til skrive søknadar og følgje desse opp. I slutten av november mottok vi melding om ei gåve på kroner 300 000 frå Oslo Internasjonale Sjømannshjems fond. Ny målsetjing for ferdigstilling av båten er mai 2008.



Restaureringa av M/Y Tyssø er godt i gang.

Samlingane

Fotosamlinga

Samlingane og tenestene ved fotoavdelinga blir stadig betre kjend og meir etterspurd. Eit viktig oppdrag i 2006 var å levere foto til AS Tyssefaldene si jubileumsbok. Prosjekta som sikrar fotosamlingane til Norzink og AS Tyssefaldene er slutførte. Det er starta opp arbeid med fotosamlinga til Odda Smelteverkssamlinga.

Bibliotek og avisklypp Samarbeidet med Odda bibliotek om kjøp av katalogkompetanse heldt fram. Det er oppretta IT-samarbeid med Odda kommune/bibliotek i regi av prosjektet ABM i partnerskap.

Arkivet: Vi har pr. dags dato ingen tilsett arkivar. Vi har hatt eit vellukka samarbeid med Lokalhistorisk arkiv i Bergen og kjøpt ordning av eitt arkiv på prosjektbasis, samt fått hospitera der ei veke. Det er inngått avtale med AS Tyssefaldene om samarbeid og bruk/tilgang til arkivet og fotosamlinga. Det er gjennomført nedpakking av arkiv etter Odda Smelteverk. Det er arbeid med skanning og avskrifter av handskrifter, trykksaker og eldre kjeldemateriale med tanke på dokumentasjon og formidling (for rapporten Vurdering av verneverdi på Odda Smelteverk og for andre formål). Det er innleidd kontakt med Kvam herad/Ålvik for å avklara ansvar og samarbeid framover.

Gjenstandssamling

Lager i "bakeriet" vart innreidd med reolar og

rydda i samarbeid med APS-senteret. Fotografering og plassering av gjenstandar er påbyrja. Det er også sett i gang WinRegimus-registrering av gjenstandar i Folgefonngata 9.

Studentstipendet

Det årlige Tyssedalstipendet er på 20 000 kroner .Stipendet vart tildelt to studentar frå NTNU, institutt for vatn- og miljøteknikk, for diplomoppgåve om flaumberekningar.

ABM i partnerskap

Dette prosjektet vart oppretta i 2004 med støtte frå ABM-utvikling. Prosjektet er banebrytande for utvikling av samhandlingsmodellar mellom ulike aktørar innan arkiv, bibliotek og museum. Samarbeidsavtalane i prosjektet er no formelt underteikna. Arbeidet mot nettportalløysing er vidareført og det er gjennomført prosjektsamlingar. PL har orientert om prosjektet på to nasjonale konferansar. PL og PA har deltatt på ulike konferansar og orienteringsmøte.



Ressursgruppa samla til seminar i Statkraftstova.

Forskning

Forskningsarbeidet i 2006 har vore knytt til dokumentasjon av cyanamidproduksjonen i Odda i nasjonal og internasjonal samanheng. Forskar heldt foredrag på Brochmann-seminaret på Norsk Teknisk Museum i oktober om nitrogengjødsel frå Odda.

Museet er med temaet Heimfallsretten, del av Samtidsnettverket sitt prosjekt: "På sporet av den tapte samtid."

Det vart publisert artiklar om elektrisitetsutbygging i Hordaland i første halvdel av 1900-tallet i Hardanger Historielag si årbok og om kraft- og industrieventyret i informasjonsheftet til Energiriket. Forskar har skrevet om verneplanarbeid for vassdrag til ein internasjonal konferanse i Bochum, Tyskland.

I tillegg til museet sin forskar Elisabeth Bjørsvik, var dr. art. Svein Ivar Angell engasjert i 50 prosent stilling fram til juni. Nokre av Angell sine oppgåver var å følgje opp kontakt med universitetet i Bergen og tilrettelegging av konferansen i mai.

Formidling

Formidlingsavdelinga fekk etablert stilling som museumspedagog i 2006. I løpet av 2006 har formidlingsavdelinga konsentrert arbeidet om fagleg og kvalitativt innhald på produkta våre, så vel pedagogiske som anna utadretta aktivitet. Dei opne arrangementa har difor ikkje vore like hyppige som tidligare år.

Formidling av samlingane

”Månadens bilete” har gått heile året i Hardanger Folkeblad. Foto og arkiv er formidla gjennom rapportar og utstillingar, samt til einskildpersonar.

Ein har samarbeidd med Vasstun Gjestehus. Infomateriale om huset er utarbeidd og det er laga utstillingar om Olav Holm og Gro Holm.

Pedagogiske tiltak

NVIM er aktiv medspelar i Den Kulturelle Skulesekken, eit kulturtilbod til alle barne- og ungdomsskuleelevar i Odda Kommune. Vi har gjennomført dei same programma for skuleelevar i ulike alder over eit par år og fått særdeles god tilbakemelding på dei ulike pedagogiske opplegga som er tilpassa det enkelte skuletrinn. I 2006 var 8. klasse i Folgefonngata på ”Odda by er lagt”, 7. klasse lærte om vasskraft og energi i Tyssø III, heile 4. klasse var inne på familiemusikalen ”Fossegrimen kjem tilbake” og 10. klasse var på Lilletopp og gjekk ”Røyrgatelangs – på jakt etter vatnet”. Det vart laga eit eige opplegg for undervisning på vidaregåande nivå. Dette vart kjørt for vel 100 elevar frå Vardafjell vidaregåande skole i Haugesund.

Prosjekt ”Vitensenter i Odda” vart etablert medio november 2006. Senteret skal inngå som ein del av stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM). Formidlingsleiar Stein Haugen er tilsett i 75% stilling som prosjektleiar. Det er etablert ei breitt samansett styringsgruppe med medlemmer frå næringsliv, kommune, LO i Odda og omland, skuleverket og museet.



Miniputtanlegget Tyssø III skal på sikt inngå som ein del av ”Vitensenteret i Odda”. Allereie et svært populært tilbod.

Arrangement

29.-30. mai arrangerte vi konferansen ”Vasskraft og kraftkrevjande industri i Noreg 1900-2006” som del av hundreårs jubileet for kraftutbygging i Tyssedal. Føredragshaldarane kom frå høyskuler og universitet.

I juli fekk vi ein intim og særdeles vellukka konsert med baryton Ørjan Hartveit og sopran Helene Wold akkompagnert på piano av Eugene Asti. Både publikum og utøvarar var godt nøgde.

Lysfesten er eit årleg høgdepunkt i desember. Då samlar vi lokale born og foreldre, steller i stand til luciagog, enkel underhaldning og massevis av julestemning i Tyssø I. I 2006 fekk vi som tidligare år hjelp frå museumslaget til servering av gløgg og lussekattar. Arrangementet er eit gratis tilbod til lokalsamfunnet – dette får vi til ved hjelp av god sponsorstøtte frå lokale bedrifter.

Samarbeid med andre

NVIM er saman med Norsk Skogmuseum hovudsamarbeidspart i NVE si Museumsordning. Ein stilling er knytt til ordninga. Elisabeth Bjørsvik har vore museet sin NVE-kontakt i 2006. NVIM har særleg ansvar for formidling av vassdragsvern. Minikraftanlegget Tyssø III er del av NVE-formidlinga.

Utvalet for regionalisering ved Universitetet i Bergen var på synfaring til Tyssedal og Odda i mai.

Ved å arrangere konferanse og delta i museumsnettverk har vi vidareført kontaktar med ulike fagmiljø. Vi deltok på Samtidsnettverket sitt møte i Oslo i april og i Hammerfest i september.

Fagleg Råd består av medlemmer frå NVE, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Det vart halde møter i februar og i september.

Formidlingsavdelinga var til stades ved eit uformelt formidlingstreff ved Voss folkemuseum i desember 2006. Formidlarar frå heile Hordaland utveksla erfaringar og diskuterte fagrelaterte saker.